

## Paragraf 9A:

# Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

## Skulen har ei aktivitetsplikt

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen på skulen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han

- gripe inn mot krenkingar om det er mogleg
- alltid seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen skal få det trygt og godt på skulen. Dette kallar ein for aktivitetsplikta til skulen.

## Sei frå til ein tilsett viss du ikkje har det bra på skulen

Viss du ikkje har det bra på skulen, må du eller foreldra dine melde frå til ein lærar eller andre som jobbar på skulen. Den tilsette skal varsle rektor. Du kan også sjølv sei frå direkte til rektor, viss du vil det. Rektor skal ta deg på alvor og skulen må undersøkje det som har skjedd. Dei vaksne på skulen skal gjere alt dei kan for å hjelpe deg. Skulen skal ta tak i saken innan det har gått ei veke. Deretter skal skulen lage ein skriftleg plan for korleis dei skal hjelpe deg. Du kan vere med på å lage planen, viss du ynskjer det.

## Kva om ein elev blir krenka av ein tilsett på skulen?

Dersom du opplever å bli mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Det er strengare krav til å varsle, undersøkje, og sette inn tiltak. Rektor må òg varsle skuleeigar (kommunen), som vil følgje opp saken vidare.

Dersom det er ein i leiinga som står bak krenkingane, skal skuleeigaren varslast direkte.

## Melde saka til statsforvaltaren

Dersom du eller foreldra dine meiner at skulen ikkje har gjort nok for at du skal ha eit trygt og godt skulemiljø, kan de melde saka til statsforvaltaren. Før de melder saka til fylkesmannen:

- må de ha tatt opp saka med rektor på skulen
- må det ha gått minst ei veke frå de tok opp saka med rektor
- saka må gjelde skulemiljøet på den skulen du går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med statsforvaltaren.

## Kva kan statsforvaltaren gjere?

Statsforvaltaren skal vurdere om skulen har gjort det dei skal, og dei kan bestemme kva skulen skal gjere for å sørge for at du får eit trygt og godt skulemiljø. Statsforvaltaren skal setje ein frist for når tiltaka skal gjennomførast og følgje opp saka.

Dei kan òg gje bøter, dersom skulen ikkje følgjer opp.

### **Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettar**

På [www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no) finn du informasjon om kva rettar elevar og foreldre har, og kva ein kan gjere dersom ein elev opplever å ikkje ha et trygt og godt skulemiljø.